

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 9

Fylke: Aust Agder

Tilleggsspørsmål nr.

Herad: Evje

Emne: Lauving.

Bygdelag:

Oppskr. av: Torvald Håvardstad

Gard:

(adresse):

Evje

G.nr.

Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. Etter eigen kjennskap.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

A. Lauv som vart tatt av tree.

1. Det vert lauva litt på gardane i Evje enno. Det er likevel ikkje årvisst arbeid på alle gardane, og vert helst drive når det vert lite høy.

2. Her i bygda var det vanleg å ta til med lauvinga straks etter slåttan. Det var helst osp og raun, men bjørk vart og lauva.

3. Når ein lauva hogde ein sume tider ned heile treet, men oftast vart treea kylla. Dei grøvste greinene vart avhogne med øks, men dei småkvistene ein lauva hakka ein av med sigd. Sigden var ofte litt grov, men same sigden vart og nytta til skjering av kornåkrar. Sers lauvkniv er fyrst i dei seinare åra tatt i bruk. Kor store tree måtte vere før ein kylla dei var det ikkje nokon regel for, heller ikkje kor ofte ein kunne kylla dei. Det var vanleg skjøn dette.

4. Dei små lauvkvistene vart bundne i kjervar og vanleg rekna eldre folk dei i tjug.

5. Lauvinga gjekk helst føre seg i fint ver og når kjervane var doggfrie vart dei heimkøyrde i vanleg høytrom same dagen.

Dugnad under lauvinga er ikkje kjend her.

6. Lauvinga gjekk føre seg både i innmark og utmark og både karar og kvende var med. Born var og ofte med

2
og batt kjervane saman.

8. Lauvkjervane vart lagde friste opp-på høystaen längs veggene i løa. Om vinteren fekk kyrne heime vanleg

9 ein kjerv i målet og helst berre ein gong om dagen.

Sauene og geitene fekk og fekk og lauv om vinteren.

9. Her vart osp rekna som beste lauvet.

10. Alm er her så lite av at det vart ikkje lauva.

11-15. Felleslauving kjenner eg ikkje til her i Evje

og dei spørsmåla fell såleis bort.

B. Luv som vert raka saman på bakken.

1. Dette lauvet kallar vi her for dauvalu.

Det vert ikkje nytta til for og spørsmåla under

dette punktet fell bort.

1553

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING